



Tove i aksjon som vert for sambygdingar frå Tysvær

Tove Høgemark bur i Tysvær det meste av året, men i 4 månader er ho å finne svært sentralt i Uskedalen - i Øyro Marina. Det er ikkje for sterkt sagt at ho lever og åndar også for vår bygd og det kjem til uttrykk på ymse vis. Ho er og ein eldsjel i arbeidet for hjarte- og lungesjuka og har no vore leiar for lokalavdelingen i Tysvær i 13 år. Idag gjennomførte ho eit av sine mange prosjekt - ein tur frå heimbygda til Uskedalen!

Ein busslast med 30 kom til oss i føremiddag og fekk kaffi i det nye teltet i båthamna før det vart allsong til medbragt trekkspelmusikk ved Kristian Frøiland og Jørgen Moen og guideprogram ved Kristian Bringedal. Han tok gruppa med opp i dalen med stopp på Storhaug og den gamle Hauglandskulen.

Foreningen Tove leiar er mykje på farten- såleis er dette den fjerde utflukt til no dette året. Ein tur til Tyskland har til dømes stått på programmet og ein til Sandefjord kjem seinare.

Men frå vår synsstad er det viktigast at ho er så aktiv også i vertsrolla for Uskedalen. Det er ikkje få ho gjennom åra har lokka til vår bygd. Ein viktig bieffekt denne gongen var det at det nye teltet vart utnytta igjen . berre nokre dagar sidan det gjorde teneste i Festidalen.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen